

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - T21	14/107

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2017	Formannskapet	PS	09.02.2017

Klage på vedtak om konsesjon på endring av 300 (420) KV Modalen - Mongstad

Vedlegg:

Journalposttittel
1956930

Dato
01.02.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune klagar på vedtaket gjort av NVE den 26.01.2017 som gjeld konsesjon til BKK Nett AS.

Klagen gjeld tredje strekpunkt i vedtaket som har følgjande ordlyd: «Permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon på vestsida av Haugsværvatnet med vilkår om avtalar om drift og vedlikehold og eventuell overskuddsmasse.»

Masfjorden kommune viser til saksopplysningane og rådmannen sine vurderingar i saka, og legg spesielt vekt på at NVE med dette punktet i vedtaket har sett til sides ein godkjent områdeplan for Haugsværdalen godkjent i kommunestyret den 28.10.2015. Kommunen ber OED i si klagehandsaming vurdere nærmare om føremålsparagrafen i energilova (§ 1-2) som gjeld omsynet til ålmenne interesser, samt energilova sin paragraf om vilkår (§3-5) er grundig nok drøfta og ivareteke i vedtaket til NVE.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

BKK Nett fekk den 26.11.2015 konsesjon til å bygge og drive kraftleidningen 300 (420) kV Modalen – Mongstad. I samband med detaljplanlegging har BKK Nett AS sett behov for endringar av den opphavleg konsesjonsgjevne leidningen. Det vart og avdekka behov for nye vegar for tilgang til bygging og drift.

Søknaden frå BKK vart av NVE sendt ut i brev av 23.09.2016 på høyring og omfatta mellom følgjande tiltak i Masfjorden:

- Omlegging av spenn på 300 (420) kV-leidningen Modalen – Steinsland
- Jordline på egen stolperekke i Stølsheimen
- Permanent tilkomstveg (750 meter) på vestsida av vatnet til Haugsvær

Denne høyringssaka var til handsaming i kommunestyret den 31.10.2016, sak 082/2016. Då fatta kommunestyret følgjande vedtak:

«Masfjorden kommune rår i frå den omsøkte løysinga som gjeld permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon. Denne vegtilkomsten vil hindre ei god utvikling av Haugsværområdet, og vera heilt i strid med reguleringsplanen godkjent i kommunestyret den 28.10.2015. Omsøkt veg vil og medføra at det vert store terrenginngrep på begge sider av Haugsværvatnet, noko som vil vera uheldig både for miljø og landskapet i Haugsværdalen. Omsøkt tilkomst vil heller ikkje gje så store positive ringverknader for området, slik den godkjente regulerte tilkomstvegen vist i reguleringsplanen vil.

Om NVE likevel ikkje skulle følgje kommunen sitt primærstandpunkt i denne saka, ber Masfjorden kommune om at følgjande avbøtande tiltak vert vurdert nærmare:

- **NVE må påleggja BKK Nett å leggja ut steinmasser vest og sør for Haugsvær Auto slik reguleringsplanen viser, slik at denne bedrifta får erstatningsareal for ulemper omsøkt vegløyving medfører for denne bedrifta.**
- **BKK må få plikt til å halde tilkomstvegen open for ålmenn ferdsle heilt fram til næringsområdet.**
- **NVE må på påleggja BKK Nett å forlenga omsøkt veg med ein gangveg frå transformatorstasjonen og opp til E39 sør for Trodalstjørna (ved parkeringslomme der stien til Bjørnestegvatnet og Myrbærdalen startar). Dette som eit avbøtande tiltak for ålmenta og friluftslivet. «**

NVE har i dokument dagsett 26.01.2017 fatta vedtak om å gje konsesjon til BKK Nett AS for følgjande:

- Permanent tilkomstveg til landstak for sjøkabel i Iledalen.
- Justering av den opphavleg konsesjonsgitte traseen til landtaket for sjøkabelen i Iledalsvågen.
- **Permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon på vestsida av Haugsværvatnet med vilkår om avtalar om drift og vedlikehold og eventuell overskuddsmasse.**
- Justering av traseen for kryssing av Matresdalen for 300 (420) kV Modalen – Mongstad
- Jordline på eiga stolperekke langs vestsida av 300 (420) kV-leidningen over ein strekning på om lag 6,3 km i Stølsheimen.
- Bruk av Teist som tverrsnitt for 300 (420) kV Modalen – Mongstad frå Steinsland til vest for Haugsværfjorden.
- Bruk av silikonbelagde glassisolatorar på strekningar der det i opphavleg konsesjon var pålagt bruk av kompositisolatorar.
- Nytt 300 kV brytarfelt i Lindås transformatorstasjon.

NVE gjev óg i medhald av energilova § 3-1 konsesjon til BKK Produksjon AS for:

- Flytte endepunktet for eksisterande 300 kV kraftleidning Steinsland – Modalen frå Steinsland kraftverk til nye Steinsland koplingsstasjon.


NVE gjev samstundes oreigningsløyve etter oreiningslova sin § 2 andre ledd til BKK Nett AS for naudsynte rettar til bygging og drift av ny tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon, tilkomstveg til Iledalen og jordline på eiga stolperekke i Stølsheimen. Oreigningsløyvet gjeld der BKK Nett AS ikkje har verte samde om minnelege avtalar med røynde grunneigarar og rettshavarar. Konsesjonsdokumentet, oreigningsløyvet og notatet "Bakgrunn for vedtak" med meir om NVE sine

vurderingar i saka er tilgjengelege på www.nve.no/kraftledninger.»

NVE gjev ikkje samtykke til forhandstiltreding etter oreigningslova § 25 på grunn av at BKK Nett AS enno ikkje har krevd skjøn. Når det skjer vil Nve handsama dette.

Notatet til NVE «bakgrunn for vedtak» er lagt ved som eit vedlegg til dette saksdokumentet, og heile notatet vert lagt til grunn for saksvurderinga nedunder. Det er i brevet og orientert om klageretten som må gjerast gjeldande innan 3 veker frå brevet kom partane i hende, og det betyr i dette tilfellet at klagefristen er 17. februar. Eventuelle klagar skal stillast til OED og skal sendast til NVE som førsteinstans.

I kapittel 3 skriv NVE at dei positive konsekvensane av tiltaket må vera større enn dei negative, og at konsesjonshandsaming etter energilova inneber ei konkret vurdering av dei fordeler og ulemper eit omsøkt prosjekt har for samfunnet som heilskap. Vidare at NVE gjev konsesjon til anlegg som vert vurdert til å vera samfunnsmessig rasjonell. Kapittel 3.3. handlar om tilkomstvegen frå Haugsværtunet til Haugsværdalen transformatorstasjon. Det vert vist til kart nedunder som med raud strek viser omsøkt veg som NVE har gjeve konsesjon til kan byggjast:



Kart som viser omsøkt veg på vestsiden av Haugsværvatnet.

I notatet vert BKK sin situasjonsskildring referert tungt. Vidare vert heimelsgrunnlaget til NVE å gjera vedtak etter energilova uavhengig av godkjente arealplanar synleggjort. NVE skriv at det likevel skal vera gode grunnar for å fatta eit vedtak etter energilova som ikkje er i tråd med kommunen sitt vedtak i denne saka, og at dei difor må vurdere om den omsøkte tilkomstvegen er ei meir samfunnsmessig rasjonell løysing enn den vegen som er vedteke i reguleringsplanen. NVE skriv følgjande i si vurdering:

NVEs vurdering

NVE viser til at begge veitraseene fører fra Haugsværtunet til den planlagte transformatorstasjonen og det planlagte næringsarealet. NVE vurderer derfor at nyttevirkningene som adkomstvei til transformatorstasjon og næringsareal vil være like stor for begge veitraseene. Vurderingene om hvilken veitrase som totalt sett er best vil derfor omhandle de andre virkninger veien vil ha.

Haugsvær transformatorstasjon vil bli en viktig del av 300 (420) kV-nettet og har derfor både regional og nasjonal betydning. NVE vurderer det som svært viktig at stasjonen har en trygg og god adkomst for sikkerhet til drift- og vedlikehold, samtidig som adkomsten etableres på en samfunnsmessig rasjonell måte. BKK Nett finansierer byggingen av veien i sin helhet og NVE vil derfor påse at nettkundene ikke blir pålagt høyere kostnader enn nødvendig. NVE konstaterer at kostandene med de mulige veiløsningene ikke er tillagt vekt i vurderingene kommunen har gjort i forbindelse med reguleringsplanen. NVE anser at kostanden med tiltaket utgjør en vesentlig del av vurderingen om tiltaket er samfunnsmessig rasjonelt.

NVE registrerer at rapportene om grunnforholdene viser at det stedvis er registrert tykke lag med organisk materiale i veitraseen på østsiden, noe som vanskeliggjør byggingen og gir risiko for setninger. NVE leser av rapportene at grunnforholdene på vestsiden gjør det teknisk enklere å bygge på denne siden. NVE mener det utvilsomt er større usikkerhet rundt en vei på østsiden og at det er sannsynlig at byggeprosessen blir vanskeligere og mer tidkrevende enn på vestsiden. Forskjellene gjenspeiler seg også i byggekostnaden, der vei på østsiden er klart dyrere enn på vestsiden. Av sakspapirene til Masfjorden kommune fremgår det at også kommunen er enig i at det er enklest å bygge vei på vestsiden av vannet.

Masfjorden kommune mener at omsøkt vei fører til mer terrenginngrep, mens Fylkesmannen i Hordaland mener det er uheldig med vei på begge sider av Haugsværvatnet og at summen av inngrepene i området kan bli uheldig for miljø og landskap. NVE viser til at det går en 22 kV-ledning og en 132 kV-ledning på vestsiden av Haugsværvatnet i dag. Når den konsesjonsgitte 300 (420) kV-ledningen blir bygget, vil den erstatte 132 kV-ledningen, mens 22 kV-ledningen vil bli kablet på deler av strekningen. NVE legger til grunn at vestsiden av Haugsværvatnet ikke er urørt i dag og at dette ytterligere blir forsterket når den nye kraftledningen blir bygget. Synligheten av kraftledningen vil imidlertid være begrenset, fordi den har god bakgrunnsdekning i dalsida. En vei vil kunne bli det mest synlige av anleggene og forsterke inntrykket av tekniske inngrep. NVE mener allikevel at samlokalisering, som fremholdes som argument for vei på østsiden av vannet av kommunen og Fylkesmannen, ikke kan være et avgjørende argument da det i dag er eksisterende infrastruktur på begge sider av vannet. Det vil det også være i fremtiden. Samtidig mener NVE at utbygging av transformatorstasjonen og næringsområdet vil være de inngrepene som vil få størst innvirkning på

landskapet i dalen og vesentlig mer enn veien uansett hvilken side av vannet den går på. Det er etter NVEs vurdering stor usikkerhet knyttet til hvor stort inngrepet på østsiden vil kunne bli på grunn av usikkerhet om hvor mye masseutskifning som er nødvendig. NVE mener at det er sannsynlig at veiinngrep på østsiden av vannet vil bli større enn landskapsinngrepet ved å legge veien på vestsiden av vannet.

Det vises til rapportene om skredfare, som angir at det ikke vil være vesentlig forskjell mellom de to veitraseene når det kommer til risiko for skred. NVE legger derfor til grunn at skredfare ikke vil være relevant for vurderingene mellom de alternative traseene.

Masfjorden kommune mener at vei på vestsiden hindrer god utvikling av dalen og gir mindre positive ringvirkninger enn vei på østsiden. En vei på vestsiden av Haugsværvatnet vil gå mellom matbutikken og bensinstasjonen i området som er regulert til sentrumsformål, mens veien på østsiden vil gå utenom dette området. BKK Nett informerer om at de vil bruke veien lite etter anleggsfasen, så trafikken vil derfor i større grad avhenge av den fremtidige aktiviteten på det regulerte næringsarealet. NVE ser at en vei på vestsiden vil beslaglegge noe areal og kunne generere noe mer trafikk i området mellom bensinstasjonen og matbutikken, men vurderer at det ikke vil gi uakseptable virkninger for utvikling av Haugsværtunet. En vei langs østsiden av vannet vil også kreve noe areal i dette området.

Masfjorden kommune ber om at veien holdes åpen for allmenn ferdsel frem til næringsarealet. BKK Nett kommenterer i brev av 21.11.2016 at de ikke ønsker å ha plikt til å vedlikeholde eller brøyte veien utover det som trengs for tilsyn, vedlikehold og fornyelse av transformatorstasjonen. NVE anser veien som nødvendig adkomst til både transformatorstasjonen og det planlagte næringsområdet. NVE mener derfor at veien må være tilgjengelig for å benyttes som adkomst til næringsarealet hvis dette skulle bli en realitet. Ved en fremtidig etablering av næring på næringsarealet, legger NVE til grunn at BKK Nett og Masfjorden kommune kommer til enighet om deling av kostnader for drift og vedlikehold av veien.

Fylkesmannen i Hordaland ber om at det ved en konsesjon til vei på vestsiden skal oppfordres til et samarbeid mellom BKK Nett og kommunen om detaljplanleggingen, for å sikre god utvikling av området og viktige miljø- og landskapshensyn. NVE viser til at BKK Nett er pålagt å lage en miljø-, transport og anleggsplan (MTA-plan) for byggingen av 300 (420) kV Modalen – Mongstad med tilhørende anlegg. Slike planer skal utarbeides i samråd med blant annet grunneiere og kommune. NVE forutsetter at også veien til Haugsværdalen vil omfattes av MTA-planen.

Dersom det gis konsesjon til omsøkt vei ber Masfjorden kommune om at det skal settes vilkår om at BKK Nett legger ut steinmasser vest og sør for Haugsvær Auto slik reguleringsplanen viser. I og med at veien vil krysse arealet i enden av vannet, og dermed oppta noe areal, mener NVE at det kan være rimelig at BKK Nett bidrar med eventuelt masseoverskudd til nærliggende areal. NVE vil kunne sette vilkår om at eventuell overskuddsmasse fra BKK Nett sitt anleggsarbeid med Haugsværdalen transformatorstasjon og adkomstveien, stilles til rådighet for kommunen.

Masfjorden kommune ber også om at BKK Nett må pålegges å forlenge veien med en gangvei frem til parkeringslomme ved E39 sør for Trodalstjørna som avbotende tiltak for allmennheten og friluftslivet. Grunneier Hallvar Haugsvær sier i sin uttalelse at fordelene med vei på vestsiden vil bli enda større ved en forlengelse videre sørover langs E39. NVE vurderer at verken gangvei eller vei videre sørover er nødvendig for å bygge eller drifte omsøkte energianlegg og vil ikke pålegge tiltakshaver å bygge dette. NVE vil imidlertid oppfordre til at veiløsningen gjennomføres på en måte som gjør at det er mulig å videreføre denne som vei eller gang- og sykkelvei dersom kommunen i fremtiden ønsker å regulere dette i medhold av plan- og bygningsloven.

NVE noterer at grunneieren som berøres av største del av veien stiller seg positiv til veien og får nyttevirksomheter av denne.

NVEs konklusjon

NVE ser at Masfjorden kommune i liten grad har vektlagt kostnader og risiko med vei på østsiden, men i større grad lagt vekt på positive synergier med vei på østsiden og negative miljøvirkninger av vei på vestsiden. NVE er ikke enig i kommunens vurdering av at naturinngrepet vil bli større ved en vei på vestsiden av vannet. Vi tillegger også usikkerheten knyttet til grunnforholdene på østsiden av vannet betydelig vekt sammen med omtrent dobbelt så høye kostnader ved valg av dette alternativet. NVE vurderer samtidig at vei på vestsida ikke vil gi vesentlige negative virkninger for utviklingen av Haugsværområdet.

Etter en samlet vurdering vil NVE gi BKK Nett konsesjon etter energiloven § 3-1 til å etablere den omsøkte adkomstveien på vestsiden av Haugsværvatnet. Det settes samtidig vilkår om at BKK Nett og Masfjorden kommune fastsetter en ordning for deling av kostnader for drift og vedlikehold av veien for å sørge for allmenn tilgang frem til planlagt næringsareal dersom dette realiseres, og at BKK Nett stiller eventuelle overskuddsmasser til rådighet for Masfjorden kommune.

Vurdering

Det kjem klart fram i vedtaket at kommunestyret sin uttale i liten grad er vorte lagt vekt på. Både primærkravet om å følgja den regulerte tilkomstvegen fram til transformatorstasjonen og dei subsidiære krava om å forlenga den omsøkte veggen med ein gangveg opp til E39 sør for Trodalstjørn,

samt kravet om å halda tilkomstvegen open for ålmenn ferdsle fram til næringsområdet er ikkje ivareteke. Vilkår som er sett inn i vedtaket, sjå vår understreking (*» Permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon på vestsida av Haugsværvatnet med vilkår om avtalar om drift og vedlikehold og eventuell overskuddsmasse.»*) er etter administrasjonen si vurdering lite forpliktande og det er vanskeleg å predikera kva som vil verta resultatet av slike drøftingar.

Rådmannen meiner framleis at fordelane med å få bygd tilkomstvegen på austsida oppveger ulempene BKK vil verta påført med denne planløyisinga. Grunngevinga for det er følgjande:

Den regulerte tilkomstvegen (KV3) langs E39 sikrar at området vest for Haugsværvatnet i liten grad vert berørt av nye tiltak eller nye inngrep med unntak av høgspenteleidningen. Samstundes medfører den regulerte tilkomstvegen at sentrumsområdet får større potensiale for utvikling, sidan ein unngår gjennomkøyringsveg forbi Haugsværtunet for all framtid. Planframlegget sikrar på denne måten Haugsvær sitt potensiale som framtidig tettstadsområde for denne delen av Masfjorden kommune på ein god måte. Den planlagde vegtilkomsten på austsida av Haugsværvatnet vil og sikra at det vert meir gjennomføringskraft knytt til utbetring av den trafikkfarleg strekninga av E39 forbi Haugsværtunet. Reint samfunnsmessig meiner administrasjonen difor at denne løyisinga er betre både for lokalsamfunnet og storsamfunnet, enn om tilkomstvegen til transformatorstasjonen skulle gått på vestsida av vatnet.

Ein vil og visa til argumenta om at tilkomstvegen KV3 og kan gje mjuke trafikantar i området eit viktig tilbod langs E39 i påvente av at den planlagde gang- sykkelvegen vert bygd. Dette har NVE langt på veg sett bort frå i si vurdering.

Vidare meiner rådmannen at det bør vektleggjast i saka at det er lagra store mengder steinmasser i både trafoområdet og i næringsområdet, og at desse overskotsmassane kan nyttast til den planlagde utfyllinga. Dette momentet har NVE også i mindre grad vektlagt i si vurdering.

Det regulerte næringsområdet vil etter rådmannen si vurdering verta mykje meir interessant for framtidige etablerarar om tilkomstvegen går langs E39, enn om trafikken slik NVE no har vedteke skal gå heilt rundt vatnet. Dette momentet har ikkje NVE vektlagt eller vurdert skikkeleg i sitt notat knytt til vedtaket av 26.01.2017.

God planlegging av vegtiltaket vil etter rådmannen si vurdering hindra at det kjem forureining ut i vassmassane. NVE har etter rådmannen si vurdering heller ikkje forstått at ein i stor grad kan hindra forureining til vassdraget ved god planlegging og god gjennomføring.

Rådmannen meiner difor at NVE i si vurdering i liten grad har teke inn over seg dei synspunkta som gjeld ålmenne interesse, og som vart drøfta og vurdert gjennom eit langt planarbeid, samt i kommunestyresak 082/16 då søknaden om endring av konsesjon var på høyring. Det vert her vist til føremålet i energilova (§1-2) der det står: *«Loven skal sikre at produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi foregår på en samfunnsmessig rasjonell måte, herunder skal det tas hensyn til allmenne og private interesser som blir berørt.»*

Vidare vil ein vise til energilova sin § 3-5 (Vilkår) der det i siste avsnitt står følgjande:

« Departementet kan i forbindelse med den enkelte konsesjon fastsette ytterligere vilkår dersom det finnes påkrevet av allmenne eller private interesser.»

Etter rådmannen si vurdering har NVE i alt for liten grad vurdert dette punktet i samband med sin handsaming.

Konklusjon

Rådmannen meiner at kommunen bør klage på NVE sitt vedtak vidare til til Olje- og energidepartementet, og be om at alle punkta i tidlegare høyringssak vert drøfta tungt på nytt i høve alle dei omsyn energilova skal ivareta. Både føremålsparagrafen i energilova (§ 1-2) som gjeld omsynet til ålmenne interesser, samt energilova sin paragraf om vilkår (§3-5) bør i klagehandsaminga verta vurdert nærmare.

Formannskapet - 007/2017

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (sp) sette fram nytt framlegg til vedtak:

Klagen gjeld siste del av tredje strekpunkt i vedtaket som har følgjande ordlyd: "[...] med vilkår om avtalar om drifts og vedlikehold og eventuelle overskuddsmasse".

Masfjorden kommune kan ikkje godta at det ikkje føl nokon avbøtane tiltak med konsesjonen.

Røysting:

Det var først røysta over 1.avsnitt. 1.avsnitt i framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Avsnitt 2 og 3 i framlegg frå rådmannen vart så røysta opp mot framlegg til vedtak frå Sp. Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 3 røyster mot 1 røyst (Sp).

FS - vedtak:

Masfjorden kommune klagar på vedtaket gjort av NVE den 26.01.2017 som gjeld konsesjon til BKK Nett AS.

Klagen gjeld tredje strekpunkt i vedtaket som har følgjande ordlyd: «Permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon på vestsida av Haugsværvatnet med vilkår om drift og vedlikehold og eventuell overskuddsmasse.»

Masfjorden kommune viser til saksopplysningane og rådmannen sine vurderingar i saka, og legg spesielt vekt på at NVE med dette punktet i vedtaket har sett til sides ein godkjent områdeplan for Haugsværdalen godkjent i kommunestyret den 28.10.2015. Kommunen ber OED i si klagehandsaming vurdere nærmare om føremålsparagrafen i energilova (§ 1-2) som gjeld omsynet til ålmenne interesser, samt energilova sin paragraf om vilkår (§3-5) er grundig nok drøfta og ivareteke i vedtaket til NVE.

